



Landbruksfagrådet i Austrheim

Dykkar ref.:

Vår ref.:

18/875 - 12 / ANT

Dato:

30.11.2018


## Igangsetting av planarbeid for "Planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001"

Kommunestyret i Austrheim vedtok i 2016 i sin planstrategi for 2016-2020 at det skulle lagast ein ny reguleringsplan for dette området. Formannskapet i Austrheim kommune har difor i samsvar plan- og bygningslova § 12-8 den 22.11.2018 gjort vedtak om igangsetting av **Planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001**.


Formålet med planendringa er å leggja til rette for ei naturleg utvikling og fortetting av eksisterande bustadområdet Heiane, men og med ei utviding med bustadområde B09 slik at kommunen kan få på plass fleire attraktive bustadtomtar. Det er få tomter att i dette relativt store bustadfeltet. Området er tilrettelagt for kommunal vassforsyning og avløp. Det er tilkomst frå kommunal veg i bustadfeltet. Langs fylkesveg 565 er det etablert gang- og sykkelveg til barne- og ungdomsskule, barnehage, bibliotek, idrettshall, fotballbane, samfunnshus, busstopp, Austrheim vidaregåande skule, Mastrevik torg og kommunesenteret.

Planendringa skal innehalda planskildring, ROS-analyse, reguleringsføresegner, plankart og andre utgreiingar som vert krevd i planframlegg fram til offentleg ettersyn. Planområdet er på om lag 175 dekar. Kommuneplanen sin arealdel vert truleg godkjent på nyåret 2019 med bustadfelt B09 på kommuneplankartet og utviding av småbåthamna, det er difor naturleg å byrja planprosessen her no.

Naudsynte vedlegg er lagt ved i saka. Reguleringsplan for Heiane bustadfelt vart godkjent i kommunestyret den 13.02.1982. Reguleringsplan for Finnsvågen båthamn vart godkjent i kommunestyret den 26.09.1996. Reguleringsplan for Finnsvågen båthamn grensar til Heiane bustadfelt, landarealet her er på om lag 8 dekar, det regulerte sjøarealet på om lag 5 dekar. Plandokument for begge desse to reguleringsplanane er vedlagt. Det kan vera attraktivt for Heiane bustadfelt at det vert regulert fleire båtplassar i sjøområdet i Finnsvågen, ålmenta sine interesser vil og styrkast i ei planendring i dette området. Då kan kommunen få på plass betre og fleire gangveggar i bustadfeltet, og opparbeiding av badeplass og friområde langs strandsona her.



**Planområdet for planendringa Heiane og Finnsvågen båthamn med utviding av bustadområde B09**




**Kart over området**



**Fotokart over båthamna i Finnsvågen**



**Fotokart over planområdet**



**Oversiktskart over planområdet**

**Merknad til oppstartmeldinga må sendast innan 22. januar 2019 til:** Austrheim kommune, Sætre marka 2, 5943 Austrheim eller på e-postadresse [post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no).

Dersom de har spørsmål til plansaka kan de ta kontakt med sakshandsamar Asbjørn Nagell Toft.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**

Planendring for Heiane bustadfelt med utviding av bustadområde B09, planid. 2017005

Bestemmelser

Arealplankart

Planområde for planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09

Arealplankart

Bestemmelser

**Mottakere:**

Austrheim båtlag	v/Magnus Vårbakken	5943	AUSTRHEIM
Austrheim eldreråd Austrheim kommune Austrheim ungdomsråd	Kvalvågen 76	5943	AUSTRHEIM
Bergens Sjøfartsmuseum	Postboks 7800	5020	BERGEN
BKK NETT AS	Pb 7050	5020	BERGEN
Fiskeridirektoratet region vest	Pb 185-Sentrum	5804	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Pb 1502	6025	ÅLESUND
Landbruksfagrådet i Austrheim Landbruksfagrådet i Austrheim			
Naturvernforbundet Hordaland	Jakobsfjorden 4. etasje, Bryggen 23	5003	BERGEN
NGIR	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Utkilen 1	5953	FONNES
Statens vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER